



Dette bør du tenkje på når du les nyheiter i sosiale medium

1. Vekkjer saka
sterke
kjensler hos
deg?

2. Har du fått
med deg
heile
bodskapen?

3. Kven er
avsendar og
kvar er det
publisert?

5. Stemmer
informasjonen
overeins med det
du finn andre stader?

4. Stemmer
nettadressa,
bilda og
tidslinjene?

1. Saker som vekkjer sterke kjensler blir meir delt i sosiale medium. Dette nyttar nettstader seg av for å få mange klikk på sidene sine. Vekkjer saka sterke kjensler, bør du vere ekstra kritisk før du deler ho vidare.
2. Sørg for å få med deg heile bodskapen – ikkje gjer deg opp ei mening etter berre å ha sett overskrifta eller bildet. Den utdjupande teksten er også ein del av heilskapen.
3. Kva står avsendar for? Kva er bodskapen i innhaldet, og kva er det avsendar forsøker å oppnå med informasjonen? Er nyheita publisert på ei nettside du kjenner til? Kva tillit har du til nettstaden og avsendar? Kjenner du ikkje til nettstaden, kan du gjere eit nettsøk og sjå kva avsendar har gjeve ut tidlegare og kva andre kjelder seier om avsendar.
4. Sjå nøye på nettadressa. Falske nyheiter kan forsøke å etterlikne kjende nettstader. Viss bilde er manipulerte eller teke ut av kontekst, kan det vere eit teikn på at kjelda ikkje er til å stole på. Eit omvend bildesøk kan bli brukt til å avdekkje dette. Er det nokre datoar oppgitt i informasjonen? Gir tidsaspektet mening? Er informasjonen oppdatert?
5. Finn du tilsvarende informasjon andre stader? Viss det er informasjon som er for god til å vere sann, er den gjerne det. Sjekk med andre kjelder du stoler på om dei skriv om det same. Eventuelt kan du sjekke med ei faktasjekkteneste, slik som faktisk.no eller fullfact.org.